

## **Fråsegn 2**

### **Vi treng ei utøvande folkedansutdanning no**

Noregs Ungdomslag meiner vi må få ei utøvande folkedansutdanning på bachelornivå no. Miljøet treng pedagogar, utøvarar til dansekompania og dyktige fagpersonar på folkedans, som sørger for å vidareføre den immaterielle kulturarven.

Noregs Ungdomslag er ein av få aktørar som jobbar strategisk med opplæring av folkedansinstruktørar, men det trengst ei større satsing for å sikre mange og dyktige instruktørar. Folkedansmiljøet melder om behov for fleire pedagogar til å halde i gang og vidareutvikle aktiviteten i laga. Vi vil at danselag rundt om i heile landet skal ha gode vilkår for å vidareføre tradisjonsdansen til medlemmane sine, og til dei komande generasjonane. Difor treng frivilligheita at det vert utdanna fleire instruktørar, pedagogar og utøvarar i folkedans gjennom ei bachelorutdanning.

For at fleire skal oppdage gleda med folkedansen må vi ha moglegheit til å eksponere allmennheita for folkedans, gjerne i tidleg alder. Gjennom produksjonar og turnear i Den kulturelle skulesekken (DKS) får skuleborn møte eit mangfald av kulturelle uttrykk som kan gi dei eit grunnlag for val av fritidsaktivitetar, som igjen kan føre til val av utdanning og yrkesretning. Ved å utdanne fleire folkedansarar sikrar vi eit større mangfald av DKS-produksjonar innan folkedans, noko som kan få positive ringverknader for frivillige lag, utdanningsar og arbeidsplassar.

I dag finst det inga utdanning for profesjonelle folkedansarar. Dei etablerte dansekompania treng fleire dansarar til produksjonane sine, men har få stader å hente nye utøvarar frå. Det finst utdanning for dansarar innan sjangrar som jazz, ballett, samtidsdans mm., men vi manglar utdanninga som sikrar folkedansfagleg kompetanse på eit kunstnarleg høgt nivå til folkedanskompania.

Vi har i mange år hatt utøvande folkemusikkutdanninger, både på Norges Musikhøgskole, Ole Bull Akademiet og Universitetet i Sørøst-Noreg (USN). Desse utdanningsløpa har resultert i ei mengd dyktige folkemusikkutøvarar, som no mellom anna fyller konsertscener, formidlar folkemusikken på DKS-turnear, lærer opp unge utøvarar i kulturskular og i spelemannslag, og som formidlar kulturarven gjennom dei mange folkemusikkarkiva. Det er på høg tid at også folkedansarar får like vilkår til utdanning som folkemusikkarar. Vi treng sårt ei satsing på folkedansen.

Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk på Rauland (USN) har nasjonalt hovudansvar for høgare utdanning innan tradisjonskunst, folkemusikk og folkekunst. USN har førebudd eit studium og fått akkreditert læringsplanen for eit slik bachelorstudium som miljøet treng og ønsker seg. Alt som skal til er finansiering. Dersom staten gir finansiering (finansieringsgrad B) til 20 studieplassar, vil studiet kunne starte allereie neste haust og etter kvart gi kompetente utøvarar og pedagogar til nye arbeidsplassar.

Den norske stat har også signert den internasjonale forpliktinga i UNESCO-konvensjonen av 2003 om vern av immateriell kulturarv for å ivareta eit mangfald av kulturuttrykk. Dersom

folkedansen skal leve som kulturuttrykk i Noreg må han lærast av unge, kompetente utøvarar som skaper nye uttrykksformer og som formidlar kulturarven vidare til fleire. Vi ser det som staten si oppgåve å stimulere og legge til rette for utvikling og vidareføring av den immaterielle kulturarven, og meiner det må oppretta ei høgare kunstnarleg og utøvande utdanning for tradisjonsdans i Noreg no.